

Fra: [Johann Roppen](#)
Til:
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 39/2020, 5. NOVEMBER
Dato: torsdag 5. november 2020 12:00:39

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 39/2020, 5. NOVEMBER

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

KORONA (1) FØLG MED KORONAINFORMASJONEN

Alle tilsette og studentar blir oppmoda til å følgje med både på Høgskulen og Volda kommunes nettsider der det er oppdatert og kvalitetssikra informasjon om korona. Kriseleiinga vil som før kome med ny informasjon når det er aktuelt.

[Koronainformasjon frå Volda kommune.](#)

[Koronainformasjon frå Høgskulen i Volda.](#)

KORONA (2): VOLDA KOMMUNE HAR KONTROLL: INGEN SPESIELLE TILTAK PÅ HVO

Fleire høgskulestudentar og nokre fagtilsette har vore i karantene på grunn av smitteutbrot på fleire skular i Volda og Ørsta. Ingen av desse har så langt fått påvist sjukdom. Volda kommune meiner å ha god kontroll over smittesituasjonen. Høgskulen har ikkje fått beskjed frå smittevernet i Volda kommune om å gjere noko anna enn å drive som vanleg, men å vere minst like nøye som før med smittevern. Som tidlegare meldt blir det [ingen skriftleg skuleeksamenar hausten 2020](#).

STYREMØTE OG STYRESEMINAR I ULSTEINVIK

Høgskulestyret hadde styreseminar og styremøte i Ulsteinvik 28.-29. oktober. Det vart ikkje strøyma frå styremøtet av praktiske årsaker. [Styrepapira er tilgjengelege på nettsidene våre](#). Protokollen blir klar i neste veke etter at høgskulestyret har fått den på gjennomsyn.

STYREMØTET (2): ØNSKELISTE FOR 2022

Høgskulen skal kvart år kome med framlegg til "satsingsforslag utanfor ramma" to år fram i tid. For 2022 har høgskulestyret vedtatt ei liste der det står: 1) Medieteknisk utstyr til nytt mediehus, 2) ombygging av Hans Strøm-huset, 3) 4 nye stipendiatstillingar, 4) vidare utvikling av språksamlingane m.v. og 5) nye studieplassar på DKL (Digital kompetanse i læring) og på ein framtidig master i kulturfag. Høgskulen tek for gitt at dei nye studieplassane som vart tildelt til master i barnehagekunnskap og i planlegging vert vidareført.

STYREMØTET (3): PEDAGOGISK BASISKOMPETANSE

Høgskulestyret har vedtatt å forenkle regelverket for pedagogisk basiskompetanse ved Høgskulen i Volda og å legge seg på det nasjonale regelverket. Det kjem truleg justeringar av det nasjonale regelverket neste år og høgskulen vil då vurdere spørsmålet på nytt. Etter vedtaket vil pedagogisk basiskompetanse bli vurdert av eit internt sakkunnig utval.

STYREMØTET (5): INGEN INTERNREVISJON PÅ HVO

Høgskulestyret vedtatt at Høgskulen i Volda ikkje skal starte eigen internrevisjon. Det er ein funksjon som høgskulen løpande skal vurdere om det er behov for ut frå samla økonomisk aktivitet og andre forhold som kan vere viktige. Vedtaket var i tråd med innstillinga og høgskulen har heller ikkje eigen internrevisjon i dag.

STYREMØTET (4): SPARER PENGAR PÅ KORONA - DESSVERRE

Rekneskapa til Høgskulen i Volda for mai-august (2. tertial) syner at høgskulen har eit driftsresultat på ca 4 millionar kroner mot eit budsjettert underskot på ca 7 millionar kroner. Grunnen til dette er at høgskulen ikkje har fått gjort alt som er planlagt og dermed har unytta midlar. Det er for tidleg å seie korleis årsresultatet blir, men det er mest truleg at høgskulen kjem til å gå i pluss i 2020 fordi aktivitet blir utsett, og dermed vil avsetningane auke.

STATSBUDSJETTET 2021: SKJERPA REGLAR FOR AVSETNINGAR

I Kunnskapsdepartementet sitt framlegg til statsbudsjett for 2020 vart det på nytt varsla at avsetningane til høgskular og universitet må ned. UH-institusjonane må bruke 2021 på å kome ned på 5 prosent avsetningar målt i prosent av løyving frå KD, og kan måtte rekne med å sende avsetningar over 5 prosent tilbake til Staten. Høgskulen i Volda hadde i 2019 avsetningar på ca 74 millionar kroner og det utgjorde ca 20 prosent av samla løyving. Høgskulestyret har for fleire år sidan vedteke ei intern ordning for å få ned avsetningane og har også store investeringsbehov knytt til nytt mediehus, store arbeid på Hans Strøm-huset og til utvikling av høgskuleområdet (Campusutvikling). Etter regelverket kan investeringar gi institusjonane høve til å ha meir enn 5 prosent avsetningar.

Meir om avsetningar:

[Intervju med minister for forskning og høgare utdanning Henrik Asheim og kommentarar frå UH-sektoren i nettavisa Khrono.](#)

STUDIEBAROMETERET: STATUS I SVARPROSENT

Onsdag 4.11. var det ca 45 prosent av volda studentane som hadde svara heilt eller delvis på spørsmåla i Studiebarometeret. Det er ca 10 prosent over gjennomsnittet for studentar på alle høgskular og universitet. Internt på Høgskulen i Volda var svarprosenten var klart høgast på Avdeling for kulturfag med over 70 prosent svar. Siste frist for å svare på Studiebarometeret er 13. november. [Her er status for dei einskilde programma på Høgskulen i Volda.](#) Som tidlegare år vil [høgskulen premiere klasser med høg svarprosent](#)

TO HEILE DAGAR MED NOKUT-TILSYN: RAPPORT ETTER JUL

[Høgskulens kvalitetssystem for utdanning](#) vert no vurdert av kvalitetsorganet [NOKUT](#). Tidlegare har høgskulen sendt NOKUT nærare 2.000 sider med dokumentasjon av kvalitetsarbeidet, og 3.-4.11. har ein komite peika ut av NOKUT hatt møte med ca 50 studentar og tilsette på høgskulen. Møta har vorte halde på video (Zoom) i grupper på 4 personar etter ein timeplan sett opp av NOKUT. Ut på nyåret vil komiteen kome med ein rapport med si vurdering av kvalitetssystemet ved Høgskulen i Volda.

VOLDA-FORSKAR LEIAR NASJONALT FAGORGAN FOR HISTORIE

[Førstemanuensis Ola Teige](#), ASH, er valt til leiar i Nasjonalt fagorgan for historie for ein periode på to år. Det er første gongen ein fagperson utanfor dei store universiteta får dette vervet. Ola Teige er også instituttleiar på Historisk institutt og har tidlegare også vore tilsett som forskingskoordinator ved Høgskulen i Volda.

VALERIA IACONIS: ITALIENSK GJESTEFORSKAR PÅ HØGSKULEN

Postdoktor Valeria Iaconis frå Universitetet i Zürich har vore mykje av haustsemesteret i Volda for å samarbeide med professor Marie Nedregotten Sørbø ved Institutt for språk og litteratur. Begge forskarane er opptekne av kvinnelege forfattarar i Europa og om litteraturhistoriene våre gir eit rett bilete av kvinnene sine bidrag. [Les meir på nettsidene våre.](#)

NYTT DOKTORGRADSPROSJEKT: LYD I NATUREN

Stipendiat Rebecca Nedregotten Strand ved Høgskulen i Volda skal gjennomføre doktorgradsprojektet «Mediedesign på høgfjellet. NRKs radioarkiv i lokasjonsbasert digital kulturarvsformidling». I projektet skal det utviklast ei mobiltilpassa nettside der utvalde lydklipp blir tilgjengelege på utvalde stader langs Kongevegen over Dovrefjell. [Les meir på nettsidene våre.](#)

PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert.

PUBLISERINGAR (2) DAHL OG ANDENES I «JOURNAL OF CHILDREN'S

SERVICES»

[Førsteamanuensis Silje Dahl](#) og [høgskulelektor Ellen Andenes](#), begge ASH, har saman med Johanne Yttri Dahl (Politihøgskulen) publisert artikkelen «[Questioned Parents and the professional Gaze. Negotiating the Organizational Narratives of the at-risk Parents](#)» i tidsskriftet «Journal of Children's services».

PUBLISERINGAR (3) VATNE OG GJEMS I "VIDEN OM LITERACY"

[Dosent Bente Vatne](#), AHL, har saman med professor Liv Gjems, USN, og fleire danske forskarar publisert artikkelen "[Tidlig literacy på pædagoguddannelsen – et underskud af viden?](#)" i tidsskriftet Viden om Literacy. Liv Gjems var tidlegare professor II ved Høgskulen i Volda.

PUBLISERINGAR (4) TORGEIR DIMMEN MED KRONIKK I NETTAVISEN

[Senterleiar Torgeir Dimmen](#), Nynorsksenteret, har publisert kronikken "[Regjeringa må gjere meir for å sikre dei språklege rettane til nynorskelevane. Ei oppdatert opplæringslov er ein god start](#)" i Nettavisen.

PUBLISERINGAR (5) ÅSMUND SVENDSEN HAR KRONIKK I AFTENPOSTEN

Førsteamanuensis Åsmund Svendsen, ASH, er medforfattar i kronikk om «[Sakprosaens urettferdige kår](#)» som vart publisert i Aftenposten 28. oktober 2020.

PUBLISERINGAR (6) HEGGEN I "NORGES BARNEVERN"

[Professor Kåre Heggen](#), ASH, har publisert artikkelen "[Det barnevernfaglege skjønnet og verdien av kollegiale drøftingar](#)" i tidsskriftet Norges barnevern.

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

11.-12.11.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen

12.11.2020: [Digital fagdag om nynorsk i lærarutdanninga](#), Nynorsksenteret

17.11.2020: Nettverkssamling Regional- og næringsavdelinga Møre og Romsdal fylkeskommune, Hotell Ivar Aasen

25.11.2020: Disputas [Oda Heidi Bolstad](#)

26.-27.11.2020: Personalseminar, AHL, Loen

3.-4.12.2020: Personalseminar, AMF, Loen

10.12.2020: [Styremøte](#)

8 LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

Det er pr i dag 8 ledige stillingar ved Høgskulen i Volda. Blant dei ledige stillingane er det to administrative stillingar: Rådgjevar i informasjonstryggleik og rådgivar i studieadministrasjonen (opptak og studiekvalitet). Det er seks ledige faglege stillingar: Ph.d.-stipendiat i animasjon, faglege stillingar tilknytt planlegging og leiing, sosialfag, biologi og matematikk. Søknadsfristen på stillingane er frå 5.11.2020 til 4.12.2020. Les meir om stillingane på nettsidene våre.

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga](#)